

# Masfjorden kommune



---

## KVALITETSMELDING

## FOR BARNEHAGE OG SKULE I MASFJORDEN



Til handsaming i kommunestyret våren 2021

## Innhold

1. Innleiing .....	4
2. Innleiing barnehage .....	4
2.1 Bakgrunn .....	4
3. Kvalitet i barnehagen.....	4
3.1 Kvalitet ut frå lova .....	4
3.2 Struktur-, prosess- og resultatkvalitet.....	4
4. Lokale og nasjonale føringar .....	5
4.1 Nasjonale føringar .....	5
4.2 Lokale føringar.....	6
4.3 Kompetanse hos dei tilsette.....	6
5. Brukarane .....	6
5.1 Opptak av nye barn .....	7
5.2 Observasjons-/kartleggingsverktøy.....	8
5.3 Foreldresamarbeid .....	8
5.3.1 Foreldremøte.....	8
5.3.2 Foreldresamtalar .....	8
5.3.3 Informasjonsverktøy.....	9
5.4 Foreldreundersøking .....	9
5.5 Spesialpedagogisk hjelp.....	9
5.6 Tverrfagleg samarbeid.....	9
5.7 Tidleg innsats.....	10
5.8 Overgangar .....	10
5.8.1 Oppstart i barnehagen .....	10
5.8.2 På ny avdeling.....	10
5.8.3 Overgang til skulen .....	11
5.8.4 COVID-19 .....	11
6. Personalet.....	12
7. Økonomi .....	13
8. Tilsyn.....	13
9. Innleiing skule.....	13
9.1 Nasjonale føringar .....	13
9.2 Lokale føringar.....	14
10. Fagfornyinga.....	14

11. Organisering .....	14
11.1 Elevtal pr. skule .....	14
11.2 Born i SFO .....	14
11.3 Born som får leksehjelp.....	14
11.4 Årsverk vanleg undervisning .....	14
11.5 Lærarar med tilstrekkeleg kompetanse .....	15
12. Foreldresamarbeid .....	15
12.1 Foreldreråd.....	15
12.2 FAU (Arbeidsutvalet til foreldrerådet)/Samarbeidsutvalet (SU).....	15
13. Læringsmiljø .....	16
13.1 Trygt og godt læringsmiljø.....	16
13.2 Meistring .....	16
13.3 Støtte frå lærar .....	16
13.4 Støtte heimanfrå .....	17
13.5 Vurdering for læring.....	17
13.6 Læringskultur.....	17
13.7 Praktisk, relevant og variert undervisning .....	17
13.8 Overgangar .....	17
13.8.1. Overgang til skule .....	17
13.8.2. Overgang frå 4. til 5.klasse .....	18
13.8.3. Overgang frå 7. til 8.klasse (barneskule til ungdomsskule).....	18
13.8.4 Covid 19.....	18
14. Økonomi .....	18
14.1 Rekneskap og budsjett for dei siste 3 åra .....	18
14.2 Tilstanden når det gjeld utstyr, læremiddel og IKT .....	18
15. Resultat.....	19
15.1 Nasjonale prøver .....	19
15.2 Utvikling frå 5. til 9. klasse.....	19
15.3 Avgangskaraktar.....	19
16. Fråfall i vidaregåande .....	19
17. Tilpassa opplæring og tidleg innsats .....	19

## 1. Innleiing

§ 13.10 i Opplæringslova pålegg kommunane som skuleeigar å etablere eit forsvarleg system som sikrar at alle krava i lova vert oppfylte. Som ein del av ansvaret som skuleeigar har, skal skuleeigar kvart år utarbeida ein tilstandsrapport om grunnskuleopplæringa.

Liknande lovkrav finst ikkje for barnehage. Men Masfjorden kommune har halde fram med å laga kvalitetsmelding der både skule og barnehage vert omtala. Det er viktig å sikra ein god overgang frå barnehage til skule. Kommunestyret har også vore oppteke av at ein må komma i gang tidleg med tiltak for å hjelpa dei barna i barnehagealder som har behov for ekstra støtte, anten det no gjeld åtferd ,språkvanskar eller andre utfordringar. På same måten er ein oppteken av om barna har eit trygt og godt barnehagemiljø. Ut frå dette har vi no ei felles kvalitetsmelding for barnehage og skule i Masfjorden. Arbeidet med kvalitetsmeldinga starta som ein konsekvens av at kommunen vart med på ei satsing som KS har sett i gang; Den gode barnehage- og skuleeigar.

## 2. Innleiing barnehage

### 2.1 Bakgrunn

Kvalitetsmeldinga presenterer ulike sider ved kvaliteten i barnehagane i Masfjorden og skal leggja grunnlaget for debatt om barnehagane sitt vidare utviklingsarbeid og ein kvalitets-/kompetanseplan for barnehagane våre. Denne meldinga gjev informasjon om tilstand og utfordringar, statistikk og analyse av kommunen sine barnehagar.

## 3. Kvalitet i barnehagen

### 3.1 Kvalitet ut frå lova

Dei grunnleggjande dokumenta for kvalitetsarbeidet i barnehagen er barnehagelova og rammeplanen. Desse dokumenta gjev forpliktande rammer for arbeidet vårt når det gjeld lovgrunnlaget, planlegging, gjennomføring og vurdering av innhaldet i barnehagen.

### 3.2 Struktur-, prosess- og resultatkvalitet

I barnehagen snakkar ein om tre typar kvalitet:

- Strukturell kvalitet gjeld lokale, uteareal, organisering, bemanning, kompetanse m.m.
- Prosesskvalitet handlar om relasjonar og samhandling som går føre seg i barnehagen mellom barn og vaksne, vaksne imellom og mellom barna.
- Resultatkvalitet seier noko om i kva grad barnehagen lukkast med å nå måla sine når det gjeld å gje barna god utvikling, sosialt og språkleg.

Masfjorden kommune har innført «De utrolige årene», forkorta til DUÅ, i alle 3 barnehagane.

Målet vårt er at vi i barnehagen skal få auka kompetanse på gruppeleiing, positiv relasjonsbygging, proaktive tilnærmingar (kunne tolke situasjonar slik at vi kan vera i forkant av det som skjer), motivasjonssystem, åtferdsplanar og problemløysingsstrategiar.

I 2020 fekk Nordbygda barnehage prosjektmidlar til å samarbeida med NLA om «Barns språkmeistring og utvikling av sosial kompetanse med fokus på digitale vektøy». Dette er statlege midlar, såkalla ReKomp. ( regional kompetanseutvikling over 2 år )

Når det gjeld strukturkvalitet ser ein eit aukande behov for fornying av uteområda, i vårt klima har leikeapparat begrensa levetid, og har trong for å verta fornya.

## 4. Lokale og nasjonale føringar

### 4.1 Nasjonale føringar

Barnehagesektoren blir fyrst og fremst regulert gjennom Barnehagelova med forskrifter, gjeldande frå 1. januar 2006, sist endra frå 1. august 2016. Lova gjeld uavhengig av kven som eig barnehagen. Kommunen skal som offentleg myndigheit sjå til at den einskilde barnehagen vert driven etter lova, anten barnehagen er kommunal eller privat. Kommunen har ei dobbeltrolle som barnehageeigar og barnehagemyndigheit. Ny føremålsparagraf for barnehagen vart vedteken i 2010. Frå 2015 kom nasjonale reglar for redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid.

Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver rettar seg mot personalet i barnehagen, dei føresette, alle barnehageeigarar og kommunen som barnehagemyndigheit. Rammeplan har 7 fagområde og gjev styrar, pedagogiske leiarar og personalet elles ei forpliktande ramme til å planlegga, gjennomføra og vurdera verksemda i barnehagen.

Kommunen og barnehagemyndigheit sine oppgåver er ;

- gje aktiv og god rettleiing for å sjå til at barnehagane blir drivne i tråd med gjeldande regelverk
- godkjenna barnehagar
- oppfylla retten til barnehageplass og syta for tilstrekkeleg tal barnehageplassar
- vera miljøretta helsevernmyndigheit
- føra tilsyn med kvar einskild barnehage etter barnehagelova, folkehelselova og forskrift om miljøretta helsevern

Forskning viser at det viktigaste barnet har med seg frå barnehagen inn i skulen er god sosial kompetanse. Me har ein plan for korleis me jobbar med utvikling av sosial kompetanse der målet er :

*«Barnehagane i Masfjorden er pedagogiske verksemder der barna gjennom lek, opplevingar og samspel med andre skal få utfordringar som passar for den einskilde fysisk, motorisk og mentalt. Få oppleva meistring i samsvar med alder og utvikling, og få hjelp til å bli trygge på seg sjølve og omgivnadane. Gjennom tverrfagleg, tverretatleg samarbeid, gjennom observasjon og god dialog med føresette, skal barnehagen sikra at alle barn er best mogeleg rusta til å begynne på skulen ved oppnådd skulealder.»*

Masfjordbarnehagane har «Sosial kompetanse» som satsingsområde, med fokus på språklege aktivitetar og vennskap barnehageåret 2020-21 .

### **Handlingsplan for eit trygt og godt barnehagemiljø**

Med utgangspunkt i lovendring gjeldande frå 1.1.21 vart det hausten 2020 starta opp arbeid med plan for eit trygt og godt barnehagemiljø . Hovedmålet er at alle barnehagar i Masfjorden kommune skal ha nulltoleranse og jobba førebyggjande

## 4.2 Lokale føringar

Kommunedelplan for oppvekst som vart vedteken i 2011 er den lokale overordna planen for m.a barnehage og skule. I planen er det vedteke korleis me vil ha det i oppvekst i Masfjorden:

- kvar einskild vert sett og verdsett som unike og likeverdige individ
- barn og unge vert møtt med varme, omsorg og respekt
- barn og unge vert møtt av trygge og tydelege vaksne som er profesjonelle i oppdragarrolla
- barn og unge vert møtt av trygge og føreseielege rammer
- barn og unge har krav på at dei vaksne har tid til dei
- barn og unge har krav på å bli utfordra og å få utvikla eigen styrke og eigne talent
- barn og unge opplever at tilsette i barnehage og skule samarbeider tett med føresette
- både i barnehage, skule og fritid blir barn og unge møtt av vaksne som har felles syn på læring og utvikling og som har same reaksjonsmønster på uønska åtferd

Det er vedteke kommunale vedtekter for barnehagane.

Kvar barnehage har utarbeidd ein årsplan som omset rammeplanens formål, innhald og barnehageeigarens lokale tilpasningar til pedagogisk praksis.

## 4.3 Kompetanse hos dei tilsette

Kunnskapsdepartementet har utarbeidd eit strategidokument: «Kompetanse og kvalitet for fremtidens barnehage 2018-2022».

Dei lokale kompetansetiltaka og utviklingsarbeidet i Masfjorden dreiar seg om desse tema:

- Implementering av«De utrolige årene» i alle dei 3 barnehagane
- Eit godt språkmiljø for alle born
- Born med særskilte behov

### MÅL

- Å gje eit barnehagetilbod med høg kvalitet til born og foreldre
- Å auka kompetansen hjå dei tilsette, slik at dei opplever meistring og utvikling
- Å rekruttera og behalda barnehagelærarar og anna kvalifisert personale i barnehagen

Me har 3 lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget .

## 5. Brukarane

I rammeplanen står det at barnehagens samfunnsmandat er « i samarbeid og forståing med heimen å ivareta barna sitt behov for omsorg ,leik , fremja læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng.»

Masfjorden har 3 barnehagar, alle er kommunale. Talet på born er slik pr 2019 og 2020:

Barnehage	Talet på barn 2019 pr 15.08.19	Talet på barn pr 15.08.20	Årsverk pr 15.08.19	Årsverk pr 15.08.20	Årsverk plantid for pedagogar pr 15.08.20
Nordbygda	44	43	12,74	12,40	0,64
Indre Masfjorden	20	15	7,7	5,10	0,40
Sandnes	21	20	7,8	7,80	0,38
<b>I alt</b>	<b>85</b>	<b>78</b>	<b>28,64</b>	<b>25,30</b>	<b>1,43</b>

Plantid for barnehagelærer er 4 timar og for pedagogisk leiar 6 timar pr veke.

	Tal plassar 15.08.20	Godkjent for	Ledig kapasitet
Sandnes bhg	20 barn/28 plassar	54 plassar	26 plassar
Nordbygda bhg	43 barn/60 plassar	51 plassar + 18 plassar i avdelinga i skulen sine lokale	9 plassar
Indre Masfjorden bhg	15 barn/18 plassar	36 plassar	18 plassar



## 5.1 Opptak av nye barn

Masfjorden kommune har 2 opptak pr år. Jfr kommunestyrevedtak datert 11.12.17

Det er samordna opptak for alle tre barnehagane 01.03. og 01.10 kvart år.

Nasjonale reglar seier at barn fødte før 1. desember året før, har rett til plass i barnehage frå den månaden dei fyller 1 år. Alle søkjarar med rett har så langt fått plass.

## 5.2 Observasjons-/kartleggingsverktøy

For best mogeleg å følgja opp barna og deira utvikling nyttar barnehagane kartleggingsmateriell. Dette kartleggingsmaterialet får foreldre presentert på foreldresamtale etter at barnet har starta i barnehagen.

## 5.3 Foreldresamarbeid

Foreldrerådet er samansett av alle dei føresette i barnehagen.

FAU er foreldrerådet sitt arbeidsutval. Samarbeidsutvalet (SU) er samansett av representantar for dei føresette og dei tilsette. I tillegg har kommunen som eigar ein representant. Råda er samansett slik barnehageåret 2020-21:

<b>Indre Masfjorden</b>	<b>Nordbygda</b>	<b>Sandnes</b>
FAU-representantar: Stine Vågseth Miriam Haugen	FAU-representantar: <b>Blåkkloka:</b> Hogne Birkeland <b>Hestehoven:</b> Silje Sjursæter Halland <b>Prestekragen:</b> Kristian Lillestøl <b>Fiolen:</b> Marius Fredriksen	FAU-representantar: <b>Sønnvind:</b> Merethe Myhr Hope Elise Kvamme Andersen (vara) <b>Nordavind:</b> Lillian Andvik Gry Helen Hope Kvingedal (vara)
SU er samansett slik: Leiar: Stine Hjortland Vågset – foreldrerådsrep Miriam Haugen – Vara Helga Nyhavn Matre – eigarrep Tone H Duesund – vara for eigarrep Grethe B Oppedal – rep for personalet Venke Asheim – vara for personalet Maja Aven Dahle – skrivar	SU er samansett slik: Leiar: Marius Fredriksen(foreldrerepr.) Rita K. Reknes (tilsettrepr.) Ørjan O. Daae (eigarrepr.) Skrivar: Inger Marie Duesund (styrar)	SU er samansett slik: Leiar: Merete Myhr Hope (foreldrerepr.) Lene Kvinge Tvedt (tilsettrepr.) Wenke Fredheim Ekren (eigarrepr.) Skrivar: Åshild Skuggedal (styrar)

### 5.3.1 Foreldremøte

Det vart ikkje avvikla foreldremøter haust og vår i nokon av barnehagane grunna Covid19.

### 5.3.2 Foreldresamtalar

Barnehagane har minst 2 formelle samtalar med foreldra kvart barnehageår.

Barnehagane har utarbeidd felles mal for oppstartssamtalen og for foreldresamtalane igjennom barnehagetida.

Barnehagane ved styrar kallar inn til overgangssamtalar der foreldre, kontaktlærer for 1.klasse, pedagogisk leiar for dei eldste barna i barnehagen og styrar deltek. Rektor deltek etter behov. I desse samtalanene får skulen informasjon som er nyttig for å kunne legge best mogleg til rette for skulestarten til kvart einskild barn. Foreldre gir skriftleg samtykke til at informasjon om deira barn

vert gjeve frå barnehagen til skulen. Foreldresamtalane vart gjennomførte i tråd med forskrifta dette året.

### 5.3.3 Informasjonsverktøy

Barnehagane i Masfjorden har innført programmet Vigilo til å utveksla informasjon barnehage - heim. Informasjonen går begge vegar. Her nyttar ein mobiltelefon og nettbrett. Det kom ein ny versjon i februar 2020 som vi har teke i bruk.

### 5.4 Foreldreundersøking

Barnehagane i Masfjorden gjennomfører brukarundersøking blant foreldra annakvart år. På undersøkinga november 2020 var svarprosenten mellom 40-50 %. Resultatet av brukarundersøkinga var slik, henta frå [barnehagefakta.no](http://barnehagefakta.no):

Skalaen går frå 1-5.

Område :	Ute-og innemiljø	Barnets utvikling	Informasjon	Barnets trivsel
Nasjonalt gj.snitt	4,2	4,6	4,3	4,8
Indre Masfjorden barnehage	4,1	4,7	4,5	4,5
Sandnes barnehage	3,9	4,3	3,8	4,6
Nordbygda barnehage	3,8	4,2	3,7	4,4

Ny undersøking vert gjennomført i november 2022.

### 5.5 Spesialpedagogisk hjelp

Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom dei har særlege behov for det. (Barnehagelova § 19a). PPT er sakkunnig instans i saker om spesialpedagogisk hjelp. (§19c) Kommunen gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp. (§ 19e) Kommunen skal sikra at barn med nedsett funksjonsevne får eit eigna, individuelt tilrettelagt barnehagetilbod. (19g). På heimesida informerer me om rettar som born har, og opplysningsplikta som barnehageeigar har. Det vert endringar i barnehagelova frå 2021.

### 5.6 Tverrfagleg samarbeid

KLAFF/Oppvekstteam er ei tverrfagleg gruppe av personar frå helsestasjon, barnevern og PPT(pedagogisk psykologisk teneste) som jobbar med barn og unge i Gulen og Masfjorden kommune. Skule og barnehage kan ta opp saker og drøfte anonymt med teamet, eller med samtykke frå foreldre. Sakene kan handle om ei gruppe barn, enkeltbarn eller tema.

Det vert sett opp 2 møte i kvart oppvekstområde pr år.

- **Barnevern**  
Masfjorden kommune samarbeider med Gulen kommune om barneverntenester. Barnehagane nyttar denne tenesta både som rettleiar og samarbeidspart om ulike tema og om einskildsaker. Der er låg terskel for å ta kontakt.
- **Helsesøster**  
Barnehagane samarbeider tett med helsesøster-tenesta i kommunen.

Der er låg terskel for å ta kontakt.

- **Ansvarsgrupper**

Det er oppretta egne ansvarsgrupper for barn med spesielle behov.

## 5.7 Tidleg innsats

Barnehagane har sterkt fokus på å fanga opp og følgja opp barn som har bruk for ekstra hjelp når det gjeld språk, emosjonelle vanskar, helseutfordringar eller åtferd og sosial tilpassing. Barnehage og skule i kvar krins har rutinar for samarbeid om overgangen barnehage – skule.

## 5.8 Overgangar

### 5.8.1 Oppstart i barnehagen

Barnehagane i Masfjorden har primærkontakt for kvart barn den fyrste tida i barnehagen. Det vanlege er at foreldra brukar 3 dagar til tilvenning, men er det behov for lenger tid, skjer det i dialog mellom barnehagen og foreldra.

Etter 2-3 veker vert det gjennomført ein oppstartssamtale der barnehagen får informasjon som er viktig for å kunne møte barnet på ein god måte.

### 5.8.2 På ny avdeling

I løpet av barnehagetida byter barna avdelingar. Når barnet skal over på ny avdeling, får foreldra melding om dette hjå pedagogisk leiar på den avdelinga barnet går.

For å gjera overgangen så god som mogeleg, besøker barnet den nye avdelinga i ein periode før det skal starte der. Dette får foreldra informasjon om på foreldresamtale og i velkomstskriv. Våren 2020 var dette vanskeleg å gjennomføre pga koronatiltak.



### 5.8.3 Overgang til skulen

Me har Årsplan for samarbeidet mellom barnehage og skule som er utarbeidd av pedagog med ansvar for førskulegruppa i barnehagen og kontaktlærer i 1.klasse i kvart oppvekstområde. Desse får avsett tid etter behov til samarbeidsmøte gjennom heile året.

Skulen har førskuledagar i mai/juni der førskulebarna får møte kontaktlæraren sin, fadrane sine og får ein liten forsmak på kva som ventar dei på skulen.

Barnehagen inviterer til overgangssamtale i mai/juni. Der deltek foreldre, pedagogisk leiar, styrar og kontaktlærer. Sfo-leiar og rektor deltek ved behov.

### 5.8.4 COVID-19

Frå og med 13.mars-20 vart det innført nasjonale tiltak mot bekjempelse av koronaviruset i barnehagane. For Masfjorden medførte dette stenging av barnehagane i perioden 13.03.-20.04. Unntak for foreldre i samfunnskritiske funksjonar.

Då barnehagane opna opp att var det rettleiaren for smittevern som styrte aktiviteten, inndeling i kohortar med faste vaksne og Masfjorden valde full opningstid i sine barnehagar.

Ved oppstart nytt barnehageår var «trafikklysmodellen» innført.

Dette har hatt innvirkning på møteaktiviteten i barnehagane; foreldremøter, tverrfaglege møter, interne møter som FAU og SU, samarbeid med skulen / overgang til skulen

Organisering av barnehagane har vore gjennomført med veileidar for smittevern frå Udir som utgangspunkt. Vi har fått opplæring og rettleiing av helse i korleis gjennomføre tiltaka i barnehagekvardagen.



## 6. Personalet

Talet på tilsette, sjå pkt. 4

Barn pr. vaksen

Masfjorden kommune har ei bemanningsnorm på 6 barn over 3 år pr heil stilling og 3 barn under 3 år pr heil stilling.

Barnehagefakta.no Tal barn pr tilsett pr 15.12.20

Masfjorden kommune	Indre Masfjorden barnehage	Sandnes barnehage	Nordbygda barnehage
4,9	5,0	5,1	4,7

Kompetanse i personalet

Barnehagefakta.no pr 15.12.20:

	Indre Masfjorden bhg	Sandnes bhg	Nordbygda bhg	Masfjorden kommune
Barnehagelærar	60,6%	56,3 %	24,2%	38,2 %
Barne-og ungdomsarbeidar	0 %	0 %	35,5 %	20,8 %
Anna høgare utdanning	21,3%	0%	0 %	0 %

Anna fagarbeidarutdanning	0 %	7,3%	12,9 %	9,4 %
Anna bakgrunn	39,4 %	36,4 %	27,4 %	31,6%

Gjeldande frå 01.08.18 er pedagognorma 1 heil stilling som pedagogisk leiar på 14 barn over 3 år og 1 heil stilling som pedagogisk leiar på 7 barn under 3 år. I tillegg hadde Masfjorden 1 barnehagelærarstilling i avdeling. I Nordbygda barnehage mangla det pedagog i 2 barnehagelærarstillingar i 2020. Indre Masfjorden barnehage og Sandnes barnehage oppfylte pedagognorma pr. 15.12.20. Nordbygda barnehagar oppfylte norma med dispensasjon frå utdanningskravet heile 2020. I Sandnes barnehage vart norma oppfylt med dispensasjon frå utdanningskravet våren 2020.

### Rett kompetanse på rett plass

Ein ser kompetansen i Masfjorden under eitt og ein brukar kompetansen der det er behov til ei kvar tid.

Kompetanseutviklingsplan: Sjå pkt. 4.3.

## 7. Økonomi

År	Budsjett	Rekneskap
2018	18 170 740	17 582 857
2019	16 436 565	17 327 256
2020	17 045 000	15 657 777

## 8. Tilsyn

Kommunen fører tilsyn med barnehagar.

Dette er heimla i Barnehagelova § 16. Kommunane i Nordhordland har samordna tilsynet med barnehagar på den måten at me bytest på å ha tilsyn hos kvarandre. Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunen oppfyller sine plikter som barnehagemynde, jfr. Barnehagelova § 9.

Siste «stedlige, lokale tilsyn» i alle 3 barnehagane var i 2018.. Tilsynet gjaldt Lov om barnehagar § 19 a-h. Me har retta opp avvika me fekk .

## 9. Innleiing skule

§ 13.10 i Opplæringslova pålegg kommunane som skuleeigar å etablere eit forsvarleg system som sikrar at alle krava i lova vert oppfylte. Som ein del av ansvaret som skuleeigar har, skal skuleeigar kvart år utarbeida ein tilstandsrapport om grunnskuleopplæringa. Som eit minimum skal rapporten handla om læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar, dvs. kommunestyret. Tilstandsrapporten for grunnskulen er frå no av ein del av denne kvalitetsmeldinga for oppvekst. Tala i tabellane og diagramma er i stor grad henta frå GSI og gjeld pr. 1.10.

### 9.1 Nasjonale føringar

Skulesektoren blir fyrst og fremst regulert gjennom Opplæringslova med forskrifter, gjeldande frå 1. oktober 2018. I tillegg kjem LK -20 ( fagfornyinga )med seinare endringar som handlar om faga i skulen og læringsmåla på ulike tidspunkt i opplæringsløpet. §13-10 i Opplæringslova tek føre seg kommunen sitt ansvar for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova vert oppfylte.

## 9.2 Lokale føringar

Kommunedelplan for oppvekst som vart vedteken i 2015 er den lokale overordna planen for m.a barnehage og skule. I planen er det vedteke korleis me vil ha det i oppvekst i Masfjorden. (Sjå pkt 4.2 i Kvalitetsmeldinga.) Når det gjeld tverrfagleg samarbeid, sjå pkt. 5.6.

## 10. Fagfornyinga

Nye læreplanar vart tekne i bruk frå hausten 2020. Elevane skal mellom anna få meir tid til djupnelæring. Det er betre samanheng mellom faga, og dei ulike delane av læreplanen heng betre saman. Det er prioritert tre tverrfaglege tema: Demokrati og medborgarskap, Berekraftig utvikling og folkehelse og livsmeistring.

## 11. Organisering

I Masfjorden kommune er det 3 kombinerte skular med barne- og ungdomssteg. På kvar skule er det også skulefritidsordning, SFO.

### 11.1 Elevtal pr. skule

Skule	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21
Matre	62	65	61	57	51
Nordbygda	84	91	96	98	92
Sandnes	54	60	64	64	67
<b>I alt</b>	<b>198</b>	<b>201</b>	<b>205</b>	<b>215</b>	<b>210</b>

### 11.2 Born i SFO

Skule	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21
Matre	24	21	17	14	8
Nordbygda	23	26	28	30	25
Sandnes	14	21	21	15	21
<b>I alt</b>	<b>61</b>	<b>68</b>	<b>68</b>	<b>59</b>	<b>54</b>

### 11.3 Born som får leksehjelp

Skule	Leksehjelp 1.-4.	Leksehjelp 5.-7.	Leksehjelp 8.-10.
Matre		5	0
Nordbygda		27	
Sandnes		7	10
<b>I alt</b>		<b>49</b>	<b>0</b>

### 11.4 Årsverk vanleg undervisning

	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21
--	---------	---------	---------	---------	---------

Med godkjend utdanning	27,11	28,28	30,14	26,97	29,45
Utan godkjend utdanning	0,21	2,05	0,99	3,46	0,57
<b>I alt</b>	<b>28,32</b>	<b>30,33</b>	<b>31,13</b>	<b>30,43</b>	<b>30,02</b>

## 11.5 Lærarar med tilstrekkeleg kompetanse

### 2020-21

Lærarar som skal undervisa i faga norsk, engelsk og matematikk på barnesteget, må ha 30 studiepoeng eller meir i faget. Lærarar som skal undervisa i dei same tre faga på ungdomsteget, må ha ei utdanning tilsvarande 60 studiepoeng eller meir. Tala finn ein i GSI (grunnskolens informasjonssystem). Tala nedanfor gjeld hausten 2020

Ungdomsteget:

Tala viser at av norsklærarar på ungdomsteget har 5 minst 60 studiepoeng og 2 minst 30 studiepoeng i norskfaget.

I matematikk har 5 lærarar minst 60 studiepoeng og 2 har minimum 30 studiepoeng.

I engelsk har 5 lærarar 60 studiepoeng eller meir og ein lærar har 30 studiepoeng eller meir. Ingen av dei som underviser i desse faga i ungdomsskulen har mindre enn 30 studiepoeng.

Barnesteget:

I norsk har 13 lærarar minst 30 studiepoeng i norsk, 1 har mindre enn 30 studiepoeng i faget.

I matematikk har 8 minst 30 studiepoeng medan 6 har under 30 studiepoeng.

I engelsk har 3 lærarar minst 30 studiepoeng og 1 har mindre enn 30 studiepoeng.

## 12. Foreldresamarbeid

### 12.1 Foreldreråd

På kvar skule skal det vere eit foreldreråd der alle foreldre som har barn i skulen, er medlemmer. (Oppl.lov § 11-4)

Foreldra har minst to gonger i året rett til ein planlagd og strukturert samtale med kontaktlæraren om korleis eleven arbeider dagleg, og eleven sin kompetanse i faga.

### 12.2 FAU (Arbeidsutvalet til foreldrerådet)/Samarbeidsutvalet (SU)

FAU er samansett slik:

Matre skule	Nordbygda skule	Sandnes skule
FAU: Stine Hj. Vågset Solveig Grimslund Laila Furebotn Sissel Trædal Siv Hope Ørjan Stusdal Hildegunn Jåstad Ida Lillejord Arne Kvamsdal	FAU (styre) Elisabeth Sleire Solveig Haveland Rita Reknes Anita Larsen Katrine Dæ	FAU:(styre) Merethe Engelsen Britt Nordland Margrethe Nordland Kariann Ekren

SU: Hildegunn Jåstad Arne Kvamsdal Ida Lillejord Grete Nyhavn Hege Vågseth Haugsvær Marius Haugsvær Nikita Makarov Liv Ø. Trædal Laila Furebotn	SU: Helga L. Matre Anita Larsen Endre T. Nystrand Rita Reknes Torill T. Størkersen Elin A. S. Borge Vilde Marie Haukeland Natalie Rambjørg Myklebust	SU: Merethe Engelsen Britt Nordland Kariann Ekren Mette Faannessen Jon Bakken Merethe Myhr Hope Dorte Rømsing Åshild Soliana
--	--	---

Fristen for å få råd og utval i drift i nytt skule- og barnehageår, vert sett til 1. oktober.

## 13. Læringsmiljø

Utdanningsdirektoratet har sett opp fire område som er viktige kjenneteikn på eit godt læringsmiljø:

- skulen har ei god leiing som kontinuerleg arbeider med å betra ulike sider ved læringsmiljøet og har gode rutinar for arbeidet med mobbing
- skulen har utvikla ei god klasseleiing prega av gode relasjonar mellom lærar og elev
- skulen har positive relasjonar mellom elevane og ein kultur for læring mellom elevane
- skulen har gode relasjonar til og eit godt samarbeid med foreldra

### 13.1 Trygt og godt læringsmiljø

Under punktet mobbing i skulen i elevundersøkinga er det ikkje publisert tal, av omsyn til storleik.

Skulane jobbar kontinuerleg med trygt og godt skulemiljø etter § 9 i Opplæringslova. Ved brot på denne eller ved mistanke om at nokon ikkje har det trygt og godt, har skulane aktivitetsplikt. Denne plikta gjeld alle vaksne på skulane. Dette er ei lov som skal ivareta den enkelte elev sitt skulemiljø.

### 13.2 Meistring

Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skulen. Skala: 1 – 5. Høg verdi betyr positivt resultat

7. klasse: 3,4 i Masfjorden    Vestland 4,0    Landet 4,0

10. klasse: 3,9 i Masfjorden    Vestland 3,9    Landet 3,9

### 13.3 Støtte frå lærar

Indeksen viser elevane si oppleving av emosjonell og fagleg støtte frå lærar. Skala: 1 – 5. Høg verdi betyr positivt resultat.

7. kl: 3,6 i Masfjorden    Vestland 4,4    Landet 4,4

10. kl: 4,0 i Masfjorden Vestland 4,0 Landet 4,1

### 13.4 Støtte heimanfrå

Indeksen viser elevane si oppleving av interessa, støtta og oppmuntringa dei får heimefrå når det gjeld skule og skulearbeid

7. kl: 3,9 i Masfjorden Vestland 4,2 Landet 4,3

10. kl: 3,7 i Masfjorden Vestland 4,0 Landet 4,1

### 13.5 Vurdering for læring

Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring:

- forstår kva dei skal læra og kva som er forventa av dei
- får tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen
- får råd om korleis dei kan bli betre
- er involvert i eige læringsarbeid ved m.a å vurdere eige arbeid og utvikling

7. trinn Masfjorden 3,3 Vestland 3,8 Nasjonalt 3,8

10. trinn Masfjorden 3,3 Vestland 3,3 Nasjonalt 3,3

7. trinn litt under, 10 trinn som landet.

### 13.6 Læringskultur

7. klasse Masfjorden 3,5 Vestland 3,9 og Nasjonalt 4,0

10. trinn i Masfjorden 3,5 Vestland 3,8 og Nasjonalt 3,9

Samla sett for punkt 13.1-13.6 ser vi ei negativ utvikling spesielt for 5. trinn kva dette skuldast må ein analysere vidare skulevis. Dette vert teke med i prosjektet analysekompetanse. Generellt har året vore prega av at vi har hatt ein situasjon der usikkerheit har prega skulekvardagen sett i høve Covid-19.

### 13.7 Praktisk, relevant og variert undervisning

Praktisk, relevant og variert undervisning er brunnleggjande omgrep i undervisninga, som alle forplikter seg til å arbeida etter. Høgare klassetrinn kan jobba mot å gjennomføra desse prinsippa i større grad.

### 13.8 Overgangar

#### 13.8.1. Overgang til skule

I tillegg til samtalar barnehagen gjennomfører vert borna inviterte til overgangssamtale saman med foreldra. Denne samtalen i tillegg til innskriving gjev rektor eit førsteinntrykk av den nye eleven og saman vert dei litt kjende på skulen. Førskuledagar vert gjennomført i mai/juni på alle skulane. Dette vert vanlegvis organisert som tre halve dagar. I 2020 vart dette annleis grunna Covid19., men ein har likevel prøvd å få til smidige overgangar. Kontaktlærar får då høve til å verta kjend med sin klasse. Førskulebarna er ilag med 1.klasse siste halvåret i barnehagen ca 1 gong pr måned . Skulen har

førskuledagar i mai/juni der førskulebarna får møte kontaktlæraren sin, fadrane sine og får ein liten forsmak på kva som ventar dei på skulen

### 13.8.2. Overgang frå 4. til 5.klasse

Det er kompetansemål for fag etter 4.klasse. Det er viktig å vera ajour med desse då overgangen til 5.klasse er stor med fleire fag og større arbeidsmengde. Det er særleg viktig at eleven les godt når han skal over til mellomsteget.

### 13.8.3. Overgang frå 7. til 8.klasse (barneskule til ungdomsskule)

Her er også kompetansemål etter 7.klasse. Overgangen til ungdomsskulen er stor for mange og difor må elevane førebuaast godt, særleg siste halvår i 7.klasse. Elevane møte fleire fag, valfag, karakterar. Dei skal hospitera og gjerne få smaken på yrkeslivet, vera med framføringar av ulikt slag og ikkje minst, dei skal bli flinke til å vurdera seg sjølve og arbeidet dei gjer. På slutten av ungdomsskuletida vert dei også informerte om/ får gode råd om kva for skule, utdanning og yrke som ventar der ute. Elevane må ta eit val.

### 13.8.4 Covid 19

Skuleåret 2020-21 starta på same måte som ein avslutta førre skuleår på gult nivå. Skulen har vore inndelt i kohortar og dei nasjonale retningslinjene og anbefalingar frå Udir følgde. I tillegg har me hatt tett dialog med smittevernleiinga i kommunen.

Me har ikkje hatt utbrot som har påverka skuledrifta i stor grad, men vi har heile tida måtte ta omsyn til pandemien i planlegging og gjennomføring.

Møteaktiviteten har vore tilpassa Covid19-situasjonen. Dette gjeld foreldremøter, tverrfaglege møter, interne møter, samarbeid med skulen / overgang til skulen.

Covid19-situasjonen har vore førande for korleis ein har kunna jobba» på tvers på skulane».

## 14. Økonomi

### 14.1 Rekneskap og budsjett for dei siste 3 åra

År	Budsjett	Rekneskap
2018	42 066 716	48 389 207
2019	43 992 087	44 716 586
2020	45 263 900	43 003 679

### 14.2 Tilstanden når det gjeld utstyr, læremiddel og IKT

Med utgangspunkt i fagfornyinga og trong for nye læremiddel har elevane i Masfjorden no fått utstyr og læremiddel som er tilfredsstillande. Masfjorden kommune har i løpet av 2020 kjøpt inn pc- ar slik at ein har 1-1-dekning. Ein har og fått nokre statlege midlar til ulike læremiddel og til såkalla «sårbare barn». I tillegg har skulane Matre og Nordbygda i samarbeid med HVL fått DeKomp-midlar som er øyremerka «Analysekompetanse».

## 15. Resultat

### 15.1 Nasjonale prøver

- Nasjonale prøver 5. kl har 3 meistringsnivå. 1 er lågast 3 er høgast. Resultata i engelsk . Meistringsnivå 1 i Engelsk har 26,7% Meistringsnivå 2 har 66,7% medan meistringsnivå 3 har 6,7%. Det er færre på nivå 1 og auke på nivå 2 og 3 slik vi ynskjer. Resultata i lesing er at meistringsnivå 1 har auka frå 26,9 til 43,8 dette er ikkje ei heldig utvikling. Nivå 2 har gått frå 65,4 til 43,8 og nivå 3 frå 7,7 til 12,5. Nivå 3 har ei positiv utvikling, medan ein må jobba med å få fleire på nivå 1 opp på nivå 2.
- Nasjonale prøver 8. kl har 5 meistringsnivå nivå 1 lågast og nivå 5 høgast. I Engelsk har 30,8% nivå 1, 30,8% nivå 2 , 23,1 % nivå 3, 7,7 % nivå 4 og 5. Frå året før er nivå 3 stabilt , nivå fem har ein auke på 1,8 %. Nivå 1 har relativt stor auke frå 17,6 til 30,8 og nivå har auka med 7,3 %. Her må ein jobba med å få fleir frå nivå 1 og oppover. I Rekning 3,8 på nivå 1, 46,2% på nivå 2, 34,6% på nivå 3, 7,7% på nivå 4 og 7,7% på nivå 5. Ei minking på nivå 1 med 2,1, auke på nivå 2 med 28,6, nivå 3 har minka med 12,5 nivå 4 frå 11,8 til 7,7 og nivå 5 frå 17,6 til 7,7. Her må ein jobbe med å få fleire oppover på nivå 3. Lesing i 8.klasse Nivå 1 større frå 17,6% til 34,6%, nivå 2 har auka frå 5,9% til 19,2%, nivå 3 frå 35,3 til 23,1, nivå 4 frå 41,2 til 19,2. Vi har 3,8 på nivå 5. Her må ein jobba for å få fleire opp frå nivå 1.

### 15.2 Utvikling frå 5. til 9. klasse

Ein ser ei varierende utvikling i perioden, dette krev analyse og jobbing vidare. Sandnes skule har jobba med analysekompetanse i perioden for Dekompmidlar. Nordbygda skule og Matre skule har fått Dekompmidlar som skal nyttast i arbeidet med analysekompetanse vidare i samarbeid med Høgskulen Vestlandet.

Indikator og nøkkeltall	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Grunnskolepoeng, gjennomsnitt	45,8	46,5	43,7	41,8	43,4

Masfjorden kommune skoleeier, Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

### 15.3 Avgangskaraktar

Alle eksamenar vart avlyst grunna Covid 19. Elevane fekk berre standpunktkarakter.

## 16. Fråfall i vidaregåande

Det er ikkje kome ny oversikt på frå fall i vidaregåande skule sidan 2016-17 då var talet 90,9 %.

## 17. Tilpassa opplæring og tidleg innsats

«Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven.(Opplæringslova §1-3). På 1. – 4. årstrinn skal kommunen sørge for tidleg innsats.(Opplæringslova §1-4.) Det vil sei at dersom ein i kartlegging ser at elevar har liten progresjon på læringa, eller skårar lågt, må ein setja inn tiltak, som gjer at eleven når kompetansemåla. Skulane må byggja opp kompetanse for å

kartleggja vanskar, og å setja inn tiltak for å førebyggja. PPT er ein viktig samarbeidspartnar som i større grad no skal ta del i prosessen rundt den einsskilde elev. Skule og barnehage har eit godt samarbeid for å sikra ein god overgang mellom barnehage og skule. Dette bør utviklast vidare, spesielt med tanke på gode overganger.

Dette jobbar vi med:

I skulane har arbeidet med Fagfornyinga hovudfokus.

- a) Sikra at fyrsteklasselærar er utpeika på eit tidleg tidspunkt.
- b) Sikra at barnehagelærar og småskulelærar er kjend med arbeidsmetodar i både småskule og barnehage. Dette kjem inn i handlingsplanen.
- c) Vi jobbar kontinuerleg med å oppdaga lærevanskar på eit tidleg tidspunkt.
- d) Lesing og skriving er satsingsområder for elevane i småskulen.
- e) Skulane er i gang med å bli «dysleksivennlege skular», også barnehagen tek del. Coronaen har hindra oss i dette arbeidet.
- f) Skulane fokuserer meir på digitale læremiddel og bruken av desse i arbeid med fagfornyinga.
- g) Skulane jobbar kontinuerleg med fokus på eit trygt og godt skulemiljø.